

## Møteprotokoll for Alver formannskap

**Møtedato:** 12.03.2020

**Møtestad:** Kommunehuset, Frekhaug

**Møtetid:** 09:00 - 13:00

Sak 22/20 vart handsama etter sak 17/20.

| Frammøtte medlemmer    | Parti | Rolle        |
|------------------------|-------|--------------|
| Sara Hamre Sekkingstad | SP    | Ordførar     |
| Jostein Hellestveit    | SP    | Medlem       |
| Nils Marton Aadland    | H     | Medlem       |
| Thomas Larsen          | H     | Medlem       |
| Nina Stabell Øvreås    | FRP   | Medlem       |
| Øyvind Oddekalv        | AP    | Varaordførar |
| Nina Bognøy            | AP    | Medlem       |
| Astrid Aarhus Byrknes  | KRF   | Medlem       |
| Asle Hetlebakke        | KRF   | Medlem       |
| Maria Færø             | FNB   | Medlem       |
| Leif Johnsen           | MDG   | Medlem       |

| Forfall meldt frå medlem: | Parti | Rolle  |
|---------------------------|-------|--------|
| Morten Klementsen         | FNB   | Medlem |
| Terje Sletten-Hansen      | FNB   | Medlem |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti             | Erstatter medlem     |
|--------------------------|-------------------|----------------------|
| Yngve Walaker            | FNB               | Terje Sletten-Hansen |
| Thore Helland            | FNB frå sak 13/20 | Morten Klementsen    |

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Kristin Nåmdal-tenesteleiar, Line Merete Valle-tenesteleiar, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Tanja Hoel-næringssjef, Terese Folgerø-kommuneoverlege, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

## Sakliste

| Saknr  | Tittel  |
|--------|---|
| 011/20 | Godkjenning av innkalling og saksliste  |
| 012/20 | Godkjenning av møteprotokoll  |
| 013/20 | Kraftanalyse for framtidig næringsutvikling i Alver   |
| 014/20 | Endringar i kommunale selskap - Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS   |
| 015/20 | Fortau Mjåtveitvegen, utvida ramme  |
| 016/20 | Utbyggingsavtale mellom Alver kommune og Egill Danielsen Stiftelse for byggjefelt BU4 innanfor detalreguleringsplan for Danielsen skule |
| 017/20 | Godkjenning av planstrategi for Alver kommune 2020-2023   |
| 018/20 | Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og framlegg til planprogram  |
| 019/20 | Unytta investeringsmidler 2019 – overførast til 2020  |
| 020/20 | Klage på vedtak om avvisning av krav om lovlighetskontroll  |
| 021/20 | Melding/orientering til formannskapet 12.03.2020  |
| 022/20 | Vedak om å førebyggje og avgrense koronasmitte  |

### **011/20: Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

#### **Alver formannskap 12.03.2020:**

#### **Handsaming:**

Sak Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte vart satt på sakskartet som ekstrasak. Innkalling og saksliste med endring vart samråystes vedteke.

#### **FO- 011/20 Vedtak:**

Innkalling og saksliste er godkjent.

### **012/20: Godkjenning av møteprotokoll**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

#### **Alver formannskap 12.03.2020:**

#### **Handsaming:**

Ingen merknader, rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

#### **FO- 012/20 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

## **013/20: Kraftanalyse for framtidig næringsutvikling i Alver**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kraftsituasjonen på Mongstad er kritisk og det bør raskt innleiast til ein dialog med aktuelle aktørar som kan løyse kraftsituasjonen på Mongstad utan kraftvarmeverket med dei tiltaka som er omtalt i saksframlegget.

Utalet ber om at kommunestyret i mars tar stilling til om ein bør starta ein prosess for å søkje konsesjon som kan sikre straum for framtidig næringsetablering.

### **Utval for næringutvikling og drift 11.03.2020:**

#### **Handsaming:**

Dagleg leiar i Nordhordland næringslag, Baste Tveito, og Yngve Aabø i konsulentelskapet Aabø Consulting orienterte om kraftbehovet på Mongstad og i Nordhordlandsregionen, med grunnlag i rapporten "Næringsutvikling og kraftintensiv industri i Nordhordland".

#### **Utvalei Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande framlegg:**

Elektrifisering av Nordsjøen må føra til forsterking av kraftsystemet på Vestlandet, slik at dette ikkje går på bekostning av ny industri på Vestlandet. Det er trøng for oppgradering både av nettkapasitet og total kraftproduksjon.

Kraftsituasjonen på Mongstad er kritisk og det bør raskt innleiast til ein dialog med aktuelle aktørar som kan løyse kraftsituasjonen på Mongstad utan kraftvarmeverket med dei tiltaka som er omtalt i saksframlegget. Vidare ber utvalet om at Alver kommune følgjer opp tiltakspunkta i kraftanalysen (t.d. ny transformatorstasjon på Mongstad og oppgradering av nettet for innførsel til denne, samt temaet rundt anleggsbidrag) ser på ei prioritering av desse.

Utalet ber om å få opp ei sak som skal vidare til kommunestyret der ein startar ein prosess for å søkje konsesjon som kan sikre straum for framtidig næringsetablering.

Framlegget frå Stian Lavik vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak. Utalet vedtok samrøystes Lavik sitt framlegg sett fram i møtet.

### **ND- 018/20 uttale:**

Elektrifisering av Nordsjøen må føra til forsterking av kraftsystemet på Vestlandet, slik at dette ikkje går på bekostning av ny industri på Vestlandet. Det er trøng for oppgradering både av nettkapasitet og total kraftproduksjon.

Kraftsituasjonen på Mongstad er kritisk og det bør raskt innleiast til ein dialog med aktuelle aktørar som kan løyse kraftsituasjonen på Mongstad utan kraftvarmeverket med dei tiltaka som er omtalt i saksframlegget. Vidare ber utvalet om at Alver kommune følgjer opp tiltakspunkta i kraftanalysen (t.d. ny transformatorstasjon på Mongstad og oppgradering av nettet for innførsel til denne, samt temaet rundt anleggsbidrag) ser på ei prioritering av desse.

Utalet ber om å få opp ei sak som skal vidare til kommunestyret der ein startar ein prosess for å søkje konsesjon som kan sikre straum for framtidig næringsetablering.

### **Alver formannskap 12.03.2020:**

#### **Handsaming:**

Framlegg som utval for næringsutvikling og drift med endring i 3 avsnitt  
Elektrifisering av Nordsjøen må føra til forsterking av kraftsystemet på Vestlandet, slik at dette ikkje går på bekostning av ny industri på Vestlandet. Det er trøng for oppgradering både av nettkapasitet og total kraftproduksjon.

Kraftsituasjonen på Mongstad er kritisk og det bør raskt innleiast til ein dialog med aktuelle aktørar som kan løyse kraftsituasjonen på Mongstad utan kraftvarmeverket med dei tiltaka som er omtalt i saksframlegget. Vidare ber kommunestyret om at Alver kommune følgjer opp tiltakspunkta i kraftanalysen (t.d. ny transformatorstasjon på Mongstad og oppgradering av nettet for innførsel til denne, samt temaet rundt anleggsbidrag) ser på ei prioritering av desse.

Kommunestyret ber om at ein startar ein prosess for å søkje konsesjon som kan sikre straum for framtidig næringsetablering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 013/20 innstilling:**

Elektrifisering av Nordsjøen må føra til forsterking av kraftsystemet på Vestlandet, slik at dette ikkje går på bekostning av ny industri på Vestlandet. Det er trong for oppgradering både av nettkapasitet og total kraftproduksjon.

Kraftsituasjonen på Mongstad er kritisk og det bør raskt innleiast til ein dialog med aktuelle aktørar som kan løyse kraftsituasjonen på Mongstad utan kraftvarmeverket med dei tiltaka som er omtalt i saksframlegget. Vidare ber kommunestyret om at Alver kommune følgjer opp tiltakspunkta i kraftanalysen (t.d. ny transformatorstasjon på Mongstad og oppgradering av nettet for innførsel til denne, samt temaet rundt anleggsbidrag) ser på ei prioritering av desse.

Kommunestyret ber om at ein startar ein prosess for å søkje konsesjon som kan sikre straum for framtidig næringsetablering.

**014/20: Endringar i kommunale selskap - Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre bed Lindås Tomteselskap As om å, på vegne av Alver kommune, utarbeide ein fusjonsplan som skal vedtakast av Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS – og om å gjennomføre denne fusjonsplanen.

Lindås Tomteselskap AS skal overta Meland Utbygging As sine eigendalar, rettar og pliktar utan vederlag.

**Alver formannskap 12.03.2020:**

**Handsaming**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 014/20 innstilling:**

Alver kommunestyre bed Lindås Tomteselskap As om å, på vegne av Alver kommune, utarbeide ein fusjonsplan som skal vedtakast av Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS – og om å gjennomføre denne fusjonsplanen.

Lindås Tomteselskap AS skal overta Meland Utbygging As sine eigendalar, rettar og pliktar utan vederlag.

**015/20: Fortau Mjåtvæitvegen, utvida ramme****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at investeringsprosjektet «Fortau Mjåtvæitvegen» får ei auka ramme på 965 000 kr, for å gjennomføre trafikksikringstiltak som skildra i saka. Prosjektet vert finansiert med lånemidlar og momsrefusjon og vert tatt inn i investeringsoversynet i 1. tertialrapport.»

**Alver formannskap 12.03.2020:****Handsaming:**

Formannskapet var på synfaring før handsaming av saka.

**Framlegg frå A.Byrknes-KRF:**

Formannskapet bed ordførar fremje ovanfor styringsgruppa for byvekstavtalen at fortau på Mjåtvæitvegen vert finansiert av Alver sine midler frå potten programområdemidler.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 015/20 innstilling:**

Kommunestyret godkjenner at investeringsprosjektet «Fortau Mjåtvæitvegen» får ei auka ramme på 965 000 kr, for å gjennomføre trafikksikringstiltak som skildra i saka. Prosjektet vert finansiert med lånemidlar og momsrefusjon og vert tatt inn i investeringsoversynet i 1. tertialrapport.

Formannskapet bed ordførar fremje ovanfor styringsgruppa for byvekstavtalen at fortau på Mjåtvæitvegen vert finansierte av Alver sine midler frå potten programområdemidler.

**016/20: Utbyggingsavtale mellom Alver kommune og Egill Danielsens Stiftelse for byggjefelt BU4 innanfor detalreguleringsplan for Danielsen skule****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret vedtar i medhald av plan- og bygningsloven kapittel 17 utbyggingsavtalen mellom Alver kommune og Egill Danielsens Stiftelse»

**Alver formannskap 12.03.2020:****Handsaming:**

Saka vert utsett, samrøystes.

**FO- 016/20 Vedtak:**

Saka er utsett.

**017/20: Godkjenning av planstrategi for Alver kommune 2020-2023****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner planstrategi for Alver kommune 2020-2023

**Alver formannskap 12.03.2020:****Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå L.Johnsen-MDG:**

Områdeplan for Midtmarka/ Flatøy går ut av planstrategidokumentet.

Grunngjeving: 1. Alver kommune står foran store planoppåver som må prioriterast før Midtmarkaplanane: - Samordne vedtekne planar frå dei tre samanslåtte kommunene - Lage nye heilskaplege planar for å ta heile Alver i bruk - Møte dei nye krava det grøne skiftet krever 2. Området er ikkje definert som eit nytt lokalsenter/regionsenter i intensjonsavtalen for Alver  
Framlegget frå MDG fekk 1 røyst (L.Johnsen-MDG) og fall.

**Framlegg frå KRF, H, SP og AP ved A.Byrknes-KRF:**

Planstrategi i Alver kommune:

- Plan for skulebruksplan går ut
- Ny plan inn: Ruspolitisk plan

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 017/20 innstilling**

Alver kommunestyre godkjenner planstrategi for Alver kommune 2020-2023 med følgjande endring:

Skulebruksplan går ut. Ny plan, ruspolitisk plan.

**018/20: Plansak Kommuneplanen sin samfunnsdel - Varsel om oppstart og framlegg til planprogram**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samsvar med plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtek Formannskapet i Alver kommune oppstart av arbeid med kommuneplanen, og å leggje ut planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel til offentleg høyring og ettersyn.

**Alver formannskap 12.03.2020:**

**Handsaming:**

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

**FO- 018/20 Vedtak:**

Saka er utsett.

**019/20: Unytta investeringsmidler 2019 – overførast til 2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Dei unytta investeringsmidlane i 2019 i tidligare Meland, Radøy og Lindås kommune vert flytta til 2020 slik at dei planlagte og pågående prosjekta held fram. Totalt vert det flytta investeringsmidlar på 160 526 600 kr fra 2019 til 2020. Investeringsprosjekta vert finansiert av 5 mill. kr i tilskotsmidler, unytta lånemidlar og mva-kompensasjon.

**Alver formannskap 12.03.2020:**

**Handsaming:**

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

**FO- 019/20 Vedtak:**

Saka er utsett.

**020/20: Klage på vedtak om avvisning av krav om lovlighetskontroll****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Klage på administrativt vedtak i sak 20/8610 om avvisning av krav på lovlighetskontroll, blir ikke tatt til følgje.
- Saka blir sendt over til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd

**Alver formannskap 12.03.2020:****Handsaming:**

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

**FO- 020/20 Vedtak:**

Saka er utsett.

**021/20: Melding/orientering til formannskapet 12.03.2020****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering

**Alver formannskap 12.03.2020:****Behandling:**

Saka vert utsett, samrøystes vedteke.

**FO- 021/20 Vedtak:**

Saka er utsett.

**022/20: Vedak om å førebyggje og avgrense koronasmitte****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:****Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte**

Målet med vedtaket er å førebyggje og begrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

**Arrangement og samankomstar**

Ingen skal gjennomføre arrangement og samankomstar – inntil vidare. Dette gjeld både private og kommunale arrangørar.

**Lag og organisasjoner**

Lag og organisasjoner skal ikkje gjennomføre treningar og andre faste aktivitetar.

**Kommunale bygg og aktivitetar**

Kommunen stoppar utleige av alle kommunale bygg og eigedomar og stenger idrettshallar og svømmehallar. Kommunen avlyser i tillegg alle arrangement, all aktivitet og opplæring i regi av kulturskulen og stenger dei kommunale ungdomsklubbane.

**Besök til sårbare grupper**

Besök til personar på institusjonar, bufellesskap, omsorgsbustader og andre institusjonar blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Alle som kjem på besök skal følgje gjeldande besøks- og hygienereglar på staden.

**Økonomisk ansvar**

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

## **Vedtak etter smittevernlova**

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 12. mars til kommunen gjer nytt vedtak.

### **Alver formannskap 12.03.2020:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart utdelt i møtet. Kommuneoverlege Terese Folgerø orienterte. Rådmannen sitt framlegg vart samråystes vedteke.

### **FO- 022/20 Vedtak:**

#### **Vedtak for å førebyggje og avgrense koronasmitte**

Målet med vedtaket er å førebyggje og begrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde nødvendig kapasitet i kommunen sine helsetenester.

#### **Arrangement og samankomstar**

Ingen skal gjennomføre arrangement og samankomstar – inntil vidare. Dette gjeld både private og kommunale arrangørar.

#### **Lag og organisasjoner**

Lag og organisasjoner skal ikkje gjennomføre treningar og andre faste aktivitetar.

#### **Kommunale bygg og aktivitetar**

Kommunen stoppar utleige av alle kommunale bygg og eigedomar og stenger idrettshallar og svømmehallar. Kommunen avlyser i tillegg alle arrangement, all aktivitet og opplæring i regi av kulturskulen og stenger dei kommunale ungdomsklubbane.

#### **Besøk til sårbare grupper**

Besøk til personar på institusjonar, bufellesskap, omsorgsbustader og andre institusjonar blir avgrensa til det som er heilt nødvendig. Alle som kjem på besøk skal følgje gjeldande besøks- og hygienereglar på staden.

#### **Økonomisk ansvar**

Alver kommune tar ikkje økonomisk ansvar som kan følgje av tiltaka.

#### **Vedtak etter smittevernlova**

Vedtaket er heimla i smittevernlova § 1-5 og § 4-1 og gjeld frå og med 12. mars til kommunen gjer nytt vedtak.